

Møtereferat

Dato: 27.02.2017

Emne:	Møtereferat - styringsgruppa 21022017		
Til stades:	Sissel Øverdal, Mads Kleven, Atle Rasmussen, Rita Jordal, Rolf Arve Haugstvedt, Linda Farestveit, Inge Bauge, Morten Mjeldheim, Sølvi Olrich Sørebo, Ola Dahl Andersen og Hege Osebakken		
Forfall:			Sak: 2017/1228-2
Møtetid:	21.02.2017 kl 1000-1230	Møtestad: Forskjønnelsen	

Møteleiar: Sissel Øverdal

Referent: Ola Dahl Andersen og Hege B. Osebakken

Sissel Øverdal ønska velkommen. Det var ingen merknader til innkalling, saksliste eller saker til eventuelt, utanom eit par merknader til riktige namn.

Sak 1/17 Alle deltakarane presenterte seg.

Sak 2/17 Styringsgruppa vart konstituert etter forslaget som var lagt føre

Leiar Sissel Øverdal, regionsleiar, opplæringsavdelinga

Medlem

- Linda Farestveit, seksjon skule, opplæringsavdelinga
- Rolf Arve Haugstvedt, rektor, Årstad vgs
- Atle Rasmussen, LO
- Mads Kleven, LO
- Rita Jordal, LO
- Sølvi Olrich Sørebo, KS
- Morten Mjeldheim, OKEL
- Inge Bauge, BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR
- Hege Osebakken, prosjektgruppa
- Ola Dahl Andersen, prosjektgruppa

Sak 3/17 Hege gjekk gjennom bakgrunn for prosjektet og innhald så langt som det ligg føre i saka.

Innspel som kom opp var mellom anna

- Fokus på roller både innan vidaregåande og ungdomskule, då med tanke på rådgiving, kompetanseheving for tilsette, karriereplanlegging, motivasjon overfor elevar og ansvar i overgangane.
- Samanheng mellom rett dimensjonering og tal som vert formidla til læreplass.
- Forventning om at Yrkesfagleg rådgjevar (YFK) må samarbeide med den enkelte lærar

Sak 4/17 Ola gjekk gjennom status på tilsetjingsprosessen.

329 søkjarar

- Stord 51
- Sotra 46
- Slåtthaug 74
- Voss 44
- Årstad 80

Intervjurundane er ferdige og det ligg ann til at tilsetjingane vil vere på plass innan byrjinga av mars.

Sak 5/17 **Denne saka vart tatt opp til slutt, og kvar og ein kom med sine forventingar til prosjektet og kva dei såg for seg å kunne bidra med inn i prosjektet.**

Prosjektet skal først og fremst lukkast med å få fleire ut i lære.

I tillegg hadde mange forventingar knytt til betre dimensjonering, nye «spor» for formidling og auka forståing for det fireårige yrkesfaglege utdanningsløpet på skulane. Det er ei god styringsgruppe, med brei og allsidig erfaring samla sett.

Nokre innspel som kom opp:

- Skal ein lukkast, må ein ikkje gå i same felle som før, men sjå nye moglegheiter
- Sikre optimal bruk av faget yrkesfaglig fordjuping (YFF) – og sikre best mogleg samarbeid med arbeidslivet.
- Sjå heilskapen – ei 4-årig utdanning. Dei som kjem inn, skal koma ut med noko i andre enden. Det er målet!
- Få betre tilbakemelding til skulane om korleis arbeidslivet oppfattar lærlingane som kjem ut frå skulen – forbettringspotensiale?
- Framsnakke yrkesfag
- Fokus på dimensjonering
- Prosjektet har stort omfang – 5 stillingar er mykje ressursar. Det er store forventingar til at dette skal vise igjen i form av målbare resultat.
- Forventingar til at ting ser annleis ut på sikt, mellom anna korleis det vert jobba med faget YFF på skulane.

Innspela vil bli brukt i arbeidet med å utarbeide evalueringskriterium for prosjektet.

Sak 6/17 **Prosjektskisse – denne vart vedtatt slik den ligg føre så langt og arbeidet kan halde fram slik som tenkt. Skal leggast fram på neste møte.**

Innspel som kom:

- Tydeliggjere kva som er tenkte oppgåver for yrkesfagleg koordinator (YFK). Det ligg i saka at mykje vil dreie seg om koordinering og endringsarbeid.

Det er forventingar ute på skulane om at YFK skal arbeide med enkeltsaker. For å sikre eins oppfatning av forventing og leveranse, er det viktig at oppgåver og ansvar vert tydeleggjort.

Sak 7/17 Felles oppstart av stillingane

Oppstart er sett til 1. juni, der ein planlegg eit felles opplegg i starten for alle YFK. Dette for å sikre at alle får ein felles introduksjon til stillinga. Styringsgruppa vil få ei nærare orientering om oppstart for koordinatorane i møtet i mai.

Sak 8/17 Eventuelt.

| **Det var ingen som hadde noko under eventuelt.**